

Språkbruksplan for Hjelmeland kommune

1. Bakgrunn

- Det offisielle styringsmålet i Hjelmeland kommune er nynorsk. Kommunen har vedtatt etter lov om målbruk i offentleg teneste paragraf 5 å krevja nynorsk i skriv frå statlege organ. Nynorsk er og opplæringsmål i skulane. Dialekten og nynorsk skriftspråk er ein del av den lokale kulturen.

2. Språkpolitiske mål

-Skriftspråket som blir brukt i kommunen skal vera så godt og variert som råd og kan gjerne liggja nær opp til talemålet i kommunen. Kommunen ønskjer eit enkelt, klart og brukarvennleg språk.

- Mykje av grunnlaget for talemålet til barna blir i dag lagt i barnehagane og skulane. Det er difor viktig at vi har språkmedvitne medarbeidarar på desse stadene. Særleg er åra i barnehagen og dei første skuleåra grunnleggjande. Nynorsk og dialekt bør nyttast i størst mogeleg grad i songar, oppling, leikar o. a.

- Skuleadministrasjonen og rektorane har eit særleg ansvar for å gjera dei tilsette kjende med paragraf 40 i lov om grunnskulen. Der heiter det at læraren i ordtilfang og uttrykksmåte skal ta omsyn til talemålet til elevane. Tilsette i barnehagane må ta dei same omsyna.

3. Retningslinjer for skriftspråket i kommuneadministrasjonen

- Alle tilsette og alle kommunale organ pliktar å bruka nynorsk skriftspråk i tenesta. Det er viktig at medarbeidarane skriv eit klart og forståeleg språk utan komplisert setningsbygnad. Språket blir lettare og meir naturleg om vi brukar ei personleg form. Det er oftast meir naturleg å bruka vi/me eller eg i staden for *ein*.

- I Hjelmeland er det naturleg å bruka a-infinitiv og ikkje e-infinitivsending på verb. Skule framfor skole er og i samsvar med den lokale dialekten.

- Bruk ikkje framandord der norske ord gjer same nytten og skaper eit meir naturleg og skjønleg språk.

4. Tiltak

- Kommunen har som mål å gje alle kommunetilsette tilbod om kurs og rettleiing i språkbruk.

- Kunngjeringar og skriv som skal nå eit breitt publikum, skal som hovudregel gjennomlesast av andre for å vurdera seiemåtar og rettskriving. I kommuneadministrasjonen skal det vera

- ein person med språkleg kompetanse som tilsette kan venda seg til for å be om råd og hjelp.
- I utlysing av stillingar skal det stå at administrasjonsmålet er nynorsk.
 - På alle kontor skal det vera ordliste til disposisjon.
 - Byggjefelt, vegar og andre stadnamn skal få lokale namn og byggja på lokal namnetradisjon. Lov om stadnamn frå 18. mai 1990 gjev reglar for fastsetjing av skrivemåten for stadnamn.
 - Kommunen skal syta for at skjema, blankettar, kvitteringshefte og liknande som blir brukte i kommunen, er på nynorsk. Alt skriftleg tilfang som blir nytta i skular og barnehagar, skal vera på nynorsk så langt råd er. Tilsette skal og følgja med på at departement og andre statsorgan (både lokale, regionale og sentrale) tek omsyn til dei vedtak som gjeld for målbruk i kommunen.
 - Kommunen vil arbeida for eit samarbeid med dei næringsdrivande i kommunen om språket i lysingar, skilting og anna marknadsføring.

Språkbruksplanen er vedtatt av Hjelmeland kommunestyre i sak 138/97 den 5.11.1998